



# STILLE STUNDER

FOR HEIMEN OG SKULEN OG KYRKJA

NR. 5

OKTOBER 2024

135. ÅRG.



## FAGER HAUSTKVELD

*Foto: Marianne Bækken Christiansen*

Bente Bratlund

Dikt er pusten min

Kristin Voll Tesdal

Tonar til trøyst

Per Halse

Ein «solskinsson» frå nord

# Naturen som trøyst

Av Leif Bremer

Når sorga kjem, er det mange som finn trøyst i naturen. For mange år sidan fylgde eg eit foreldrepar som hadde mista sonen sin i ei ulykke. Livet var knust og ingen ord gav mening. Meiningsstapet var absolutt. Det einaste språket som kunne gje ei form for mening, var bøn. Ikkje bøner med mange ord, men klagebøner over at dette kunne hende.

Ein dag hadde dei gått tur på fjellet og sett ein reinkalv skrape med kloven gjennom is og snø for å finne lav. Dette synet gav ei slags trøyst.

Ein dag såg dei ein fugl inne i sundet. Det var ein fugl dei ikkje hadde sett før og som viste seg å vera sjeldan på dei traktene. Det vart eit bilete på at sonen var i nærleiken, men ikkje til å nå.

I møte med menneske som ber på ei stor sorg veit eg ofte ikkje kva eg skal seie. Eg kan kjenne meg heilt hjelpelaus. Eg finn ikkje ord, og dei orda eg forsøker meg på, fell ofte til jorda som frø som ikkje opnar seg.

Inni meg er det eit tankekøyr på kva eg skal gjere som kan hjelpe, men sjølv om eg leitar i alt eg har lært, finn eg ikkje noko. Berre dette, at eg kan la orda teie og legge ned mitt behov for å løyse flokane.



**Stille nærvær:** Naturen er tolmodig og kan lære oss å vente på betre dagar, skriv Leif Bremer. Fotoet er teke ved Ormtjernkampen i Gausdal i Innlandet av Marianne Bækken Christiansen.

Ved sida av å vere prest driv eg med hagebruk. Eg er inspirert av den dyrkinga som ikkje grev i jorda, men dyrkar i kompost, grasklipp, brunt lauv og kvist og kvast. Denne måten å dyrke på er inspirert av naturen sjølv og kva som får ting til å vekse utan at ein treng gjere nokon ting.

Som prest finn eg ei mening i å lære av naturen i møte med menneske i sorg. Naturen ber i seg sjølv eit nærvær og ei stille som kan omslutte det ein-skilde menneske som har mista meininga med livet. I staden for å forklare ting eller tenkje ut løysningar, kan ein finne meining i bilete av sorga som ein skog eller ei bylgje.

Naturen er tolmodig og kan lære meg og den andre å vente. Og naturen, sjølv om alt står stille, ber i seg eit løfte om overflod og ein rytme ein ikkje kan finne av seg sjølv.

Naturen og det eg kan tenkje som livet sin logikk, er vilkårslaus. Den gir utan å vente noko tilbake. Men den er også rå og brutal. Det er mogleg å gå seg vill. Men som Tom Waits syng i ein av sine få songar om håp: «You can never hold back spring».

*Leif Bremer har møtte mange menneske i sorg og krise gjennom 40 år som prest, i kyrkja, på gata, i fengsel og på sjukehus. I dag er han sokneprest i Karlsøy i Troms.*

# Då venene tagde

Av Nils-Petter Enstad



**Trøyst:** Novemberfrosten i rosehagen viste meg korleis Kristus møter oss med sitt kinn vendt mot vårt. Også han er merka av frost og kulde. Eg har gitt bildet tittelen ”trøyst”. *Tekst og foto: Karoline Emmerhoff, kunstnar i Haugesund.*

Det er mange måtar å møte andre menneske si sorg og smerte på. I Jobs bok les vi om korleis tre av venene hans møtte han då han hadde det som verst: «Så sat dei hos han på jorda i sju dagar og sju netter. Ingen sa eit ord til han, for dei såg at hans smerte var stor.» (2, 13).

Ein eg kjenner, opplevde ein tragedie i livet sitt som kan samanliknast med Job. Det gjekk på trua laus i lang tid. I dag seier han at noko av det som hjalp han i denne tida var «truande som tagde».

Det er veldig lett å skulle ta Gud i forsvar når andre menneske opplever kriser, sorg eller smerte. «Det er nok ei mening med det» er ord som har fått falle altfor ofte. I møtet med andre si oppleving av det meningslause er det å teie som oftast det beste ein kan. Vil ein seie noko, kan ein seie det til Gud.

Ein far som hadde mista eit barn, sa til presten:  
- No er eg sint på Gud!  
- Ver det, sa presten. - Det toler Gud.

*Nils-Petter Enstad bur i Arendal og er frilansar og forfattar. Han jobba lenge i Frelsesarmeen.*

## STILLE STUNDER



Stille Stunder  
kjem ut 6 gonger i året.  
Bladet kan tingast hjå  
**Stille Stunder,**  
ved Rolf-Atle Rølsnes,  
Bakken 2, 5419 Fitjar.  
Tlf.: 915 13 024  
E-post: stillestunder@gmail.com  
Nettside: www.stillestunder.no  
Bladet kostar kr 250,- pr år  
Bankgiro 7877 05 64653

Bladstyret: Adjunkt Knut O. Dale, leiar  
Lærer Borghild Melve,  
Lektor Torill Markussen Ringheim,  
Sokneprest Ådne Skiftun.  
Redaktørar: Hanne Marie Molde  
Trond Ivar Bækken  
Munkebekken 404, 1061 Oslo  
Tlf.: 952 70 503  
E-post: hannemariemolde@hotmail.com  
Forretningsfører: Rolf-Atle Rølsnes  
Utgjevar: Foreininga Stille Stunder  
Trykk: Sunnhordland, Stord.



**Sørgesongar:** Ekteparet Ragnar og Kristin Voll Tesdal har laga musikk heile livet. Medan songane hans var inspirert av skjebnar han møtte som prest, tok Kristin utgangspunkt i si eiga sorg. Foto: Odd Mehus, Dagen.

# Tonar til trøyst

**Kristin Voll Tesdal sette tonar til tekstar som gav ho trøyst i vanskelege periodar.  
No trøystar melodiane hennar andre.**

*Av Hanne Marie Molde*

Då faren min døydde brått i februar, vart eg ståande fast med toget midt på fjellet. I 10 timar sat eg der på Hardangervidda og såg utover dei mektige, kvitkledde fjella. Det fekk meg til å tenkja på alle skiturane pappa og eg hadde gått saman, og medan eg såg det for meg, fall plutselig eit dikt av Bente Bratlund ned i hovudet mitt: «Før meg heim over desse

kvite endelause vidder». Eg visste at mora til barndomsveninna mi, Kristin Voll Tesdal, hadde laga ein melodi til diktet «Bøn» og gjeve han ut saman med andre melodiar under tittelen *Sørgesanger og trøstetoner*. Dette måtte vera det riktige tidspunktet for å høyra på albumet, tenkte eg, tok på meg øyreklukkene og fann fram musikken på Spotify på mobilen

min. Eg spelte songen om og om og om igjen – heilt til eg var framme på Voss. «Bøn» vil for alltid minna meg om dei tankane og følelsane eg hadde den dagen på toget – og om prestepappaen min.

**Tekstar som treffer, treng ein melodi**

Like før sommaren ringde eg til

Kristin for å høyra om ho kunne tenkja seg å skriva ein tekst til *Stille Stunder* om korleis og kvifor ho toneset tekstar. Eg hadde bestemt at temaet for oktoberutgåva skulle vera trøyst, og eg ville gjerne at ho skulle skriva om korleis musikk har gjeve ho trøyst når ho har slite med den kroniske autoimmune betennelsessjukdommen ein ofte kallar lupus.

– Nokre tekstar går så djupt at eg berre må ha ein melodi til dei, utbraut Kristin engasjert på telefonen.

Ho fortalde at mange av melodiane hadde ho laga i dei aller mest krevjande periodane i livet. Det ville ho gjerne dela med lesarane av *Stille Stunder*. Men Kristin fekk aldri skrive teksten. Få dagar etter samtalen vår måtte ho på sjukehus, og 10. juli sovna ho inn med den næraste familien rundt seg, 68 år gamal.

### **Jobba fram melodiane på piano**

Kort tid etter dødsfallet byrja mannen til Kristin, den pensjonerte fengsels- og ungdomspresten Ragnar «Raggen» Tesdal, å dela musikken hennar i sosiale medium. Kvar dag ein ny song. Det var ingen målretta plan, men han fekk eit akutt behov for å løfta ho opp og fram. Responsen var overveldande.

– Sjølv ikkje dei nærmaste venene hennar ante at ho hadde laga så mykje fin musikk. Kristin blafra ikkje slikt, eg var meir frimodig på hennar vegner, seier Raggen og ler.

Han møter meg på ein kafé

i Oslo for å fortelja det Kristin ikkje sjølv fekk fortalt, om kva det var med ho og musikk.

– Det er mystisk det der med musikk, men det var ein markant skilnad mellom Kristin og meg. Eg vaknar eit par gonger i veka med ein ny melodi, det berre kjem til meg. Men Kristin, ho fann ein tekst som trøysta ho, og så jobba ho fram melodien. Ho måtte sitja ved pianoet og spela og leita etter dei riktige akkordane. Det var eit målretta arbeid som gjorde at ho byrja med ingenting og slutta med ein fullverdig melodi. Ho var perfektjonist, og eg elska det, fortel han.

### **Trøyst til andre**

Kristin vaks opp på Hamar og var 14 år og nykonfirmert då ho skreiv sin fyrste song, «Herre, du kjenner meg», etter å ha blitt gripen av ein salme. To år seinare skreiv ho ein ny song, «Jesus, jeg ber», meir kjent som «Kom til meg du som strever».

– Eg har vener som har sagt at dei ikkje trur dei hadde kome seg igjennom dei tyngste tidene sine utan den songen. Så ho har trøysta mange, fortel Raggen.

I 1976 gifta Raggen og Kristin seg og spelte inn fyrste plata med Bjørn Eidsvåg og Frender. Til KFUK/M sitt tenåringstreff, TT, i Skien same år laga Kristin songen «Alt er ditt». Kristin omsette også salmar, som «Bryllaupssong», salme 654 i Norsk salmebok. Ho utdanna seg til musikkpedagog og dirigerte kor i nesten 50 år, fyrst koret Salt i Oslo, så songgruppa Maj7 på Voss og dei siste

åra Bækkalokket i Bergen, eit kor for menneske som vil ut av rus og kriminalitet.

### **Draumen om himmelen**

Ein gong Kristin var på sjukehus, såg Raggen igjennom alle songane dei hadde liggande som dei aldri hadde brukt til noko. Han såg raskt at sorg og trøyst var hovudtemaet i tekstane. Sørgesongane hans var inspirert av skjebnar han hadde møtt i arbeidet som prest, medan songane til Kristin tok utgangspunkt i hennar eiga sorg.

– Kristin ville at me skulle gje ut songane og kalla dei «Sørgesanger og trøstetoner». Midt i tunge tider ville ho dela songar som hadde trøysta ho, med andre, fortel Raggen.

Tekstane til Bente Bratlund betydde spesielt mykje for Kristin, og i tider med smerter og sjukdom var det dikta hennar som heldt motet og håpet oppe.

– *Kva gjev deg trøyst?*

– Kristin, mellom anna. Ho skreiv på eit manuskript som eg fann etter at ho var død. Der skildrar ho ein nydeleg draum om himmelen. Det var ikkje alltid like enkelt å halda på trua når ho hadde det så vondt, men det lindrar meg at slutten vart så håpefull. Kristin såg fram til å ha det fint i himmelen saman med gode vener, fortel han.

– Eg synest «Bøn» er ein vakker song om det å nå målet ein lengtar mot. Eg veit at Kristin var veldig glad i den songen.

*Framhald neste side...*

# Bøn

Tekst: Bente Bratlund

Musikk: Kristin Voll Tesdal

**A**

♩ = 88

Før meg heim, o - ver des - se kvi - te, en - de - lau - se  
 vid - der. La det ven - ta der  
 fram - me eit dekk - a bord, var - me i om - nen, ei  
 o - pen famn. Når vand - rin - ga ein  
 dag er o - ver, ver \_\_\_\_\_ der. Når vand - rin - ga ein  
 dag er o - ver, ver \_\_\_\_\_ der. *(Fine)*

**C** *(Bro, instr.)* **13** *D.S.*

Når

Før meg heim  
 over desse  
 kvite endelause  
 vidder

La det venta  
 der framme  
 eit dekk a bord  
 varme i omnen  
 ei open famn

/: Når vandringa  
 ein dag er over  
 ver der :/

”

Eg har levd med kronisk sjukdom  
 i mange år. Det har ført til krevjande  
 og vanskelege periodar.

I desse periodane har mellom anna  
 dikta til Bente Bratlund gjeve meg  
 trøyst og håp. Fleire av dikta hennar  
 har blitt songar. Dei har vore mine  
 «strimer av lys».

*Kristin Voll Tesdal, musikkpedagog  
 og komponist. † 10.07.2024*

# Dikt er pusten min

**Eg har skriva dikt frå eg var heilt ung. Å skriva dikt har vore pusten min, og gjennom dikta har eg fått bearbeida tankar, opplevingar og livshendingar.**

*Av Bente Bratlund*

Det er det eg opplever i mitt kvardagsliv som har blitt til dikt, no gjennom eit langt liv. Det har vore gleder, det har vore sorger, det har vore tap og tunge dagar, slik eit liv er. Alt dette, det levde livet, har vore mitt ressurscenter.

Og så har eg opplevd at det eg skriv, det rører også ved andre. At liva våre inneheld mykje av det same. Vi opplever gleder og sorger, vi opplever tap og dei glitrande augeblinkane. Og det har vore sterkt å få oppleva at dikta eg skriv ut frå mine erfaringar og mitt liv, har nådd fram til andre i deira liv. Og sett ord på deira kampar, og at dei i deira kvardagar har funne noko av sitt i mitt.

Eg vågar i dag å tru at eg har fått denne gåva, å få formidla noko allment på eit språk og i ei form som også kan hjelpa andre. Det har eg fått så mange tilbakemeldingar på. At dikta mine har vore til støtte i både liv og død, i både fest og tunge stunder. Og det gjer meg audmjuk.

At dikta mine blir brukte av andre til trøyst for seg sjølv og dei rundt, at dikta blir brukte i festtaler og til ettertanke, det er ei gåve til meg. Det er to dikt eg har fått særleg mykje tilbakemelding på. Det eine

er diktet «Det å sakna», som er brukt i mange gravferder og minnestunder og i sorg elles. Og så diktet «Dans dotter mi» om det å velja livet og gleda. Det var sterkt for meg då eg fekk høyra at diktet «Dans dotter mi» var blitt lese i ei gravferd, og at dei som var i kyrkja, blei oppmoda til å setja sitt eige namn inn der eg hadde skriva «dotter mi». Som ei oppmoding til å bruka livet godt.

Eit anna sterkt inntrykk var då eg fekk vita at ei eldre dame som skulle døy, bad om at eit av dikta mine blei lese opp, og at ho døydde til orda i diktet.

Nokre av dei første dikta mine, som Kristin Voll Tesdal tonesette, veit eg også har vore til trøyst, ikkje minst til hennar tonar.

Eg sa i eit intervju etter at mi første diktsamling kom ut, at eg skriv fordi eg må. Det er vel det same eg seier når eg seier dikta er pusten min.

*Bente Bratlund frå Os utanfor Bergen er utdanna lærar, men har vore forfattar på heiltid sidan 1992. Ho har gjeve ut over 70 bøker i ulike sjangrar, for born, ungdom og vaksne. Ho skriv om livet og dei nære ting og er spesielt godt kjent for dikta sine.*

## Dans dotter mi

Ta på dei raude  
danceskoa, dotter mi  
og dans  
La ingen få knebla  
din song eller  
hemma din draum  
Dans dotter mi  
Dans

Grip dagen  
og fyll han  
med din styrke

Vakker er du  
Slå vakt om  
grensene dine  
Vent ikkje på å  
bli valt av livet  
Vel sjølv

## Det å sakna

Det er eit privilegium å  
kjenna sakn.  
Vondt, ja!  
Og tungt.

Men det fortel om ein nærleik  
som var.  
Om varme, lys og  
latter.

Det å sakna er den andre sida  
av det å ha fått.  
Å ikkje kjenna sakn, ville vera  
å aldri ha elska.



# Haust

*Av Per Sivle*

Kvar vart det taa alle dei Fuglar,  
som song  
i Sumar so vænt millom Greino?  
Sidan eg hørde deim  
ender og Gong;  
og so vart det Stilla i eino.  
– Han tagnar, Fuglen, mot Hausten.

Kvar vart det taa alle dei Blomar,  
som stod  
og nikkad i Ljos og i Ange?  
Eg ser yver Bøen,  
men er inkje god  
faa auga paa ein av dei mange.  
– Han visnar, Blomen, mot Hausten.

*Per Sivle var ein omstridd og folkekjær lyrikar, humorist, prosaist og avisredaktør. Han vart fødd i Flåm i 1857 og vaks opp ved Stalheim i Voss kommune i Vestland, men budde store delar av livet på Austlandet. Mest kjend er han for diktet "Den fyrste songen".  
Kjelde: Store norske leksikon. Foto: Marianne Bækken Christiansen*



# Min odel

Av Maria Lavik

Kyrkja er heilt full, og eg knekk nesten saman når eg skal bera kista til besten. Det har regna heile dagen, men det letnar når gravfølget går ut den tronge kyrkjedøra.

Medan presten snakkar, ser eg opp på dei blågrå fjella som har vore himmelsynet til besten. Nesten heile livet levde han her, i Eksingedalen. Eg ser ned på holet i bakken. Snart skal dei gravera inn namnet til besten på ein stein. Snart skal steinen settast opp ved sida av grava til far og mor hans.

Eg står litt for meg sjølv i stilla etterpå. Då kjem rektoren frå barneskulen bort til meg. Det er ho som lærte meg å skriva og lesa og fundera. Ho gjev meg ein klem og seier dei orda eg framleis gøymer i hjartet mitt.

Det er eit år sidan eg skreiv eit stykke i avisa om det eg kallar odelsskam. Teksten handla om korleis det er å vera arvtakar til eit karrig sauebruk på Vestlandet. I femten generasjonar før meg har forfedrane mine lempa stein og slite med jorda slik at dei som kom etter, skulle få eit betre liv. Skal det så ta slutt med meg? For eg bur i byen og har bygd eit godt liv der. Eg har teke mange val som har drege meg vekk frå der eg kjem frå.



**Maria og saune:** Boka Odelsskam er ei nær og rørende historie om tradisjonar og endring - og om det å gje slepp på ein gard etter femten generasjonar. Foto: Privat

Etter at avisstykket stod på trykk, var innboksen min full. Kjende og ukjende skreiv til meg om kva ordet odelsskam vekker i dei. Historier om folk som ikkje tok over, og angra. Eller om dei som tok over, og angra.

Gamlerektoren min ser på meg utanfor kyrkja og seier dei orda eg aldri gløymer.

«Å skriva er din odel. Det er arven din.»

Utdrag frå den nye boka «Odelsskam» som kom ut på Samlaget no i haust.

*I boka fortel odelsjenta Maria Lavik om livet på eit småbruk i Eksingedalen på Vestlandet. Ho veks opp med sauesanking, bokbuss, smalahove, store avstandar og motkultur. Men alt som sekstenåring flyttar ho ut. Burde ho koma tilbake?*

*Dette er forteljinga om ein gard, ei bygd og ein tilstand som held på å gleppa. Boka skildrar den reisa som mange utflyttarar er på, i stadig rørsle mellom bygda og byen, mellom «heim» og heim. I bakgrunnen lurar den særnorske, over tusen år gamle odelsretten.*

# Ein «solskinsson» frå nord

## Leonhard Næss og Nynorsk salmebok

Av Per Halse

Gjennom 2017-årgangen av *Stille Stunder* presenterte me ei artikkelserie om «halvgløymde nynorske salmepionerar». Nordlendingen Leonhard Næss (1855–1940) vart ikkje med den gongen, men når det no nærmar seg 100-årsjubileum for *Nynorsk salmebok*, fortener han absolutt omtale.

Leonhard Næss var fødd som bondeson i Beiarn, og faren var fyrste ordføraren då det soknet vart eigen kommune i 1853. I vest grensar Beiarn til Gildeskål der Elias Blix kom frå, men han var tjue år eldre og allereie utdanna lærar i Tromsø då vår mann vart fødd 20. oktober 1855. Søndag etter jul det året vart han døypt i Beiarn kyrkje – med namnet Sigholt Didrik Leonard, men det var det siste av dei tre førenamna han kom til å bruke.

Som for mange bygdegutar på 1800-talet gjekk vegen til Universitetet via lærarseminar og skulepostar. Leonhard tok lærareksamen i Tromsø som 19-åring, og undervisningsarbeidet både før og under studieåra i Kristiania gav inntekta som trongst for at han kunne fullføre utdanninga til prest. Etter eit par år som amtsskule-



**Ung og eldre Næss:** To av svært få foto av Leonhard Næss.

Foto: Opplandsarkivet avd. Maihaugen og Nynorsk kultursentrum/Digitalt museum.

styrar i Nordhordland vart han sokneprest i Bjarkøy nord for Harstad. Deretter gjorde han teneste i Norddal på Sunnmøre, i Elverum og til slutt tjue år i Vågå.

Som student i hovudstaden i 1880-åra vart Næss ven med mellom andre Anders Hovden, og han vart overtydd målmann: «No stod eg på den norske sida», skreiv han seinare. Politisk sokna han til Venstre, og han synest ha representert ei grundtvigiansk grunnhaldning som ville fremje «norskdom og kristendom».

Næss var ein lærd prest som fekk publisert både skjønlitteratur og sakprosa. Fagtekstene hans spente frå landsmålsgrammatikk

(*Norsk maaltavla* 1891) til teologiske emne som *Verdens ende og tusundaarsrike* (1907) og «Rytmen i den hebraiske bibel» (1914). Ein særleg innsats gjorde han som omsetjar. Tidleg i karrieren sette han om Første Johannesbrevet, nokre gamaltestamentlege salmar og profeten Malaki. Til den fyrste heile nynorskbibelen, «Fyrebilsbibelen» frå Studentmållaget (1921), sette Næss om både Jeremia, Esekiel og Syrgjesongane (Klagesongane). Frå norrønt gjendikta han det mektige og poetiske verket «Lilja» frå 1300-talet.

I *Nynorsk salmebok* (1925) har Leonhard Næss tre eigne salmar og ei omsetjing. Dei seks versa på «Du Gud, som bur i ljosens

salar» (nr. 311) tek oss på ein vakker måte gjennom bønene i Fadervår. I tillegg til å vere representert som diktar gjorde Næss òg eit viktig arbeid med gjennomgang og vurdering av heile salmeboka med tanke på offentleg autorisasjon.

Saman med professor Oluf Kolsrud og lærarskulestyrar Håkon Wergeland utgjorde Næss ei effektiv tremannsnemnd hausten 1925. Dei arbeidde fyrst ei god veke kvar for seg, og så kom dei saman i Oslo frå 27. november til 10. desember. Siste møtedagen sende dei ei svært positiv tilråding til departementet. Der presenterte dei mykje statistisk materiale som mellom anna samanlikna *Nynorsk salmebok* med andre salmebøker i Norden. Fråsegnen drog fram det positive i å få fleire salmar frå Island og Sverige attåt tre latinske kyrkjekvad frå norsk mellomalder. Størsteparten av innhaldet i den nye boka var alt godkjent fordi det fanst i tidlegare autoriserte samlingar, og komitéen var ikkje i tvil om konklusjonen:

*Etter gransking av boki kann me uttala som vaar faste yvertyding, at kvar einskild salme held maal og svarar romet sitt i ei norsk kyrkjesalmebok [...] Etter innhald og form er ho fullgod og verdig til aa brukast som einaste salmebok i ein*

*norsk kyrkjelyd. Dette gjeld, anten ein ser paa boki ifraa oppbyggjeleg, dogmatisk og liturgisk synsstad, eller ein veg henne etter poetisk, salmehistorisk og spraaklegt verde.*

Åtte dagar etter at Kolsrud, Næss og Wergeland signerte tilrådinga, var regjeringa Mowinckel samla til statsråd på Slottet. Kyrkje- og undervisningsminister Ivar Tveiten fylte 75 år den fredagen. Etter 25 år som aktiv rikspolitkar fekk bonden frå Telemark feire med ein kongeleg resolusjon som autoriserte *Nynorsk salmebok* til gudstenestebruk. Historia om den boka vil me kome attende til når ho rundar hundre neste år.

Uttrykket «solskinsson» i overskrifta på dette stykket er henta frå Anders Hovden. Då både han og Leonhard Næss var høgt oppe i åra, sende han venen ei helsing til nyåret 1940 som tok til slik: «Di vogga stod langt nord i lande / der midnattsoli fagert skin / og soli fylte hug og ande / og lyste deg i hjarta inn. / Og difor vart du millom oss / ein solskinsson som strådde ljøs».

*Per Halse frå Ørsta på Sunnmøre er teolog og professor ved Høgskulen i Volda. Han har arbeidd mykje med språkhistorie innanfor den norske kyrkja. Denne teksta er ein omredigert og sterkt nedkorta versjon av eit foredrag i Norddal kyrkje 21. mai 2023.*

Du, Gud, som bur i ljøsens salar,  
Vår Fader uti himmerik,  
Du sette oss i jordheims dalar,  
Du som på nåde er so rik;  
Lat kjærleiks grøda veksa fridt,  
Lær oss å helga namnet ditt!

Å, send oss, Herre Gud, din Ande,  
Din himmeleid so sterk og rein,  
Å, fria oss or naud og vande,  
Når vonde makter gjer oss mein!  
Slå vondskap ned, din fiend bitt,  
Og lat so koma riket ditt!

Det bid so mykje vondt i verdi.  
Dei vonde viljar ofte vinn.  
På denne korte livsens ferdi  
Me meinverk alle stader finn.  
Som i din himmel, Herre min,  
På jordi råde viljen din!

For brødet strevar me og balar  
Den heile vide jord ikring,  
På sjø og land, i fjell og dalar,  
Me mødest med so mange ting.  
Lat oss då ikkje lida naud,  
Gjev oss i dag vårt dagleg braud!

Forlat vår skuld, som me forlata  
Vil deim som gjorde oss imot!  
Lat ikkje freistingsgneistar fata  
Og kveikja eld i hjarterot!  
Det vonde frelse du oss frå!  
Og lat din herlegdom oss sjå!

Det vil og kann du, Herre, gjera,  
Med di du råder heimen all.  
For ditt er riket, di er æra.  
Du allting hev uti ditt vald.  
Din herlegdom lat stråla ven  
På oss, ditt eige folk! Amen.





# Finst der ein veg for meg?

Av Leiv Arne Grimstad



Leiv Arne Grimstad har teke dette biletet av Grimstadvatnet i Hareid på Sunnmøre.

I 2015 fekk underskrivne ei utfordring: Kunne eg skrive eit dikt om håp til den russiske folketonen «De hvite akasier»?

Utfordringa kom frå kordirigent Svein Eiksund, som denne hausten dirigerte fem kor på Sunnmøre og nyleg hadde fått Kongens Fortenestemedalje under sin eigen 70-årskonsert i Ulstein kyrkje, men som dagen etter fekk ein alvorleg kreftdiagnose med lite von om å bli frisk.

Under den påfølgjande sjukehus-behandlinga i Volda og på St. Olavs i Trondheim lova han seg sjølv å skipe ein gigantisk takkekonsert til inntekt for kreftsaka dersom han kom levande frå det. Og det gjorde han.

Takkekonserten i Volda kyrkje våren 2017 gav nær 100.000 til kreftsaka og samla 800 menneske. Dersom du vil høyre koret synge denne songen, kan du søke på *Takke- og støttekonsert del 4* på Youtube.

Finst der ein veg for meg, kvar går mitt neste steg?  
Kva skal eg tru, blir eg til skam?  
Skyene samlar seg, lenkene dreg i meg,  
finst der ein veg for meg som fører fram?

Nokon har ensa deg, skuggar har flytta seg,  
tungsinn og gru har tapt si makt.  
Hender har falda seg, ord har velsigna deg.  
Glad fekk du ta imot den nye pakt.

Lyset seg sterkast tér når vi frå mørket ser  
ut i ei fjern og framand verd.  
Tankar om død og gru vendest til håp og tru  
når nokon kjem oss nær – og blir oss kjær.

# Bruk visdomen med kjærleik


*Av Torstein Backer-Owe*

Bruk visdomen med kjærleik, så vil du æva nå  
Du får så mange vener – du takk av dei vil få  
For det dei treng er kjærleik, eit venleg ord kvar dag  
Så gje det utan tanke om takk av noko slag  
*For du har fått det gratis av han som for deg leid*  
*Så gje det villig frå deg, han jo for alle streid*

Be Anden om å vise deg vegen kvar ein dag  
Lytt villig til hans stemme, vern hjartet frå alt jag  
For fienden vil hindre det gode frå å skje  
Så kjemp med Herrens rusting, så godleik du kan gje  
*For du har fått det gratis av han som for deg leid*  
*Så gje det villig frå deg, han jo for alle streid*

Og Ordet gjev deg visdom for livet her på jord  
Så les det du så flittig, så får du løn så stor  
Det blir ei mektig kjelde av liv til livet ditt  
Men alle dei du møter kan gjere det til sitt  
*For du har fått det gratis av han som for deg leid*  
*Så gje det villig frå deg, han jo for alle streid*

Og kjenner du deg motlaus og nesten vil gje opp  
Så la deg ikkje knekkje, han elsker utan stopp  
Ja, av sitt eige hjarte han let det strøyme ned  
ei underfull og herleg kjelde full av fred  
*Så drikk du trygt av kjelda, ho er så rein og fin*  
*Ho styrkjer deg og dine på veg til himlen inn*



Returadresse:  
STILLE STUNDER  
V/Rolf-Atle Rolfsnes  
Bakken 2  
5419 Fitjar



Dagane mennesket får, er som gras,  
det blømer som blomen på marka.  
Når vinden fer over han, er han borte,  
staden han stod på, veit ikkje lenger av han.  
Men Herrens miskunn er frå æve til æve.

Salme 103, vers 15-17

### Trykksaker

Brosjyrer - Bøker - Blad - Aviser  
forretningstrykksaker- brevpapir,  
konvoluttar m.m.

- Me hjelper dykk med utforming.

**prøv oss**

**Sunnhordland**

Tel. 53 45 00 00

## Den særde

Mitt hjarta har vore i livsens strid,  
og mangt eit sår har det fenge;  
det låg sjukt og sårt i so mang ei rid,  
men endå det har til denne tid  
frå leiken med livet gjenge.

Men ær på ær etter sår på sår  
der er på kver einast' sida,  
og upp dei brjota kver evig vår,  
når lauvet spretter og isen går  
og gauken gjeler i lida.

Men blomar bløma i desse ær,  
og blømande blom er tåret.  
Det soleis ogso med jordi er:  
når regn og dogg ho frå himlen fær,  
so veksa blomar i såret.

*Tekst: Aasmund Olavsson Vinje, Dølen i 1859*

NYNORSK ANTIKVIARIAT AS  
www.nynorskantikvariats.no

80.000

Bøker i hyllene

Holgata 2

Inngang Hotellkleiva  
4900 Tvedestrand

60.000

Bøker på nettet

www.nynorskantikvariats.no



NYNORSK  
ANTI-KVIARIAT

Telefon  
37 16 66 66

e-post:  
tinging@nynorsk  
antikvariats.no